

# Detaljregulering for Prestevika aust

Prosjekt: Oppgradering av renseanlegg  
på Mel, Nordfjordeid


*Orientering om status i planarbeidet  
for Stad formannskap 17.10.2024*



# Oppstart av planarbeid - juni 2023 (sak UAE- 23/088)

## Måla med planarbeidet:


- nytt reinseanlegg på Mel
- trafikkareal knytt til reinseanlegget, Prestevikja småbåthamn og naustområdet
- ~~vurdere ny helikopterlandingsplass for ambulanshelikopter (AMK)~~
- vurdere areal til gåande og syklande langs rv. 15 og gangareal/turveg langs fjorden



Lokalisering av eksisterende avløpsreinseanlegg

# Sak om lokalisering av kloakkrensaneanlegg – 7. mars 2024:


Det vart vurdert ei rekkje alternativ og gjennomført kostnadsestimat for dei fire lokalitetane Mel (1), Ytre Skårhaug (2), Svora (3) og Løkjanaset (6).



## KS- 24/033 Vedtak:

1. *Arbeidet med detaljregulering for eit nytt reinseanlegg på Mel vert gjennomført.*
2. *Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd forprosjekt for nytt sekundærrensaneanlegg på Mel. Forprosjektet skal omfatte vurdering av ny reinseteknologi, minimering av arealbruk, sette høge krav til arkitektur- og stadstilpassa utforming i høve bygningsmasse og fjordfront med tilgang til ålmenta.*
3. *Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein moglegheitsstudie for mottak av slam frå turistbåtar.*
4. *Dersom ein gjennom detaljreguleringa på Mel identifiserer betydeleg høgare kostnadar enn føresett i saksframlegget skal saka om lokalisering tilbake til kommunestyret for ny vurdering.*

# Framdrift og status planarbeid




Kommunen er avhengig av vedteken reguleringsplan for å kunne utlyse teknisk forprosjekt og prosjektering av reinseanlegg, og starte arbeidet med utfylling av tomta.

# Naturmangfold- kartlegging på land

Frå Norconsult sin datarapport etter kartlegging 9. august:

- «Resultata frå kartlegging av plantar på land viser at det er førekomstar av flikmelde langs heile strekninga med steinfylling på vestsida av moloen innanfor føreslått planområde.
- Av framande skadelege artar blei det observert parkslirekne, gyvel, vintermispel og hagelupinar på nedsida av Nordjordvegen i austre del av planområdet.»




Figur 5 Observerte førekomstar av flikmelde og framande skadelege artar i føreslått planområde for Mel reinseanlegg.

# Naturmangfald-kartlegging i sjø

Frå Norconsult sin datarapport etter kartlegging 9. august:

- «Resultat frå kartlegging av marint naturmangfald viser at generelle artar som blæretang, leppefisk, kutling, sjøstjerner (korstroll), mykje yngel, tepper av filamentøse algar og enkelte områder med bakteriematter dominerte innanfor føreslått planavgrensning.
- I influensområdet sør for planavgrensinga blei det observert fleire sjøstjerner (korstroll), spor etter gravande organismar og flekkar av bakteriematter ved ca. 10,5 m djupne (sjøkartnull).
- Den viktige naturtypen ålegraseng blei observert i store deler av føreslått planavgrensning i djupner frå 0,1 - 3,3 m (sjøkartnull) på begge sider av moloen.»




# Nærare om viktig naturtype ålegraseng i Prestevika

- «Kartleggingsarbeidet har vist at det er flekkvis til tette ålegrasenger på begge sider av moloen i Prestevikja»
- «Ålegraset bar preg av påvekst av lurv i dei fleste transekta. Ålegraset lengst vest i undersøkt område viste minst teikn til påvekst av lurv.»

Lurv er ein samanvevd masse av algar som indikerer dårleg miljøtilstand og er skadeleg for økosystemet og ålegrasenga. Forekomst av lurv kan vere knytt til eutrofiering og tilføring av næringssalt. (Kjelde: NIVA).

Sidan det var funne minst lurv lengst vest i planområdet er det grunn til å tru at utbreiinga av lurv er påverka av utslepp frå reinseanlegget.



Figur 10 Bileter av ålegras i transekt 5, 6 og 7.

# Supplerande kartlegging av ålegras i Eidsfjorden

- For å kunne estimere utbreiing og verdi på ålegrasenga tilrådte Norconsult ei supplerande kartlegging av ålegras utanfor planområdet. Dette vart utført i veke 41.
- I den supplerande kartlegginga vart det gjort fleire funn av ålegrasenger i indre Eidsfjorden, jf. førebels kartoversikt.
- Datarapport for dette er ikkje utarbeidd endå. Det står att arbeid med å fagkontrollere observasjonar og estimerte utbreiingar. Kvalitet på engene (høgde, veksedjupne og påvekst av lurv) varierer noko frå område til område, og vil bli omtalt i datarapporten.



## Teiknforklaring

- Forslag til planavgrensing
  - - - Undersøkte ROV-transekt
  - Ingen observert ålegras
  - Kartlagt ålegras 2024
- naturtype\_marin\_hb19\_alegras**
- A - områder ålegras
  - B - områder ålegras
  - C - område ålegras







# Situasjonsplan – utgangspunkt for vidare planlegging

- Planavgrensing: 25.000 m<sup>2</sup>
- Arealbehov ny utfylling i sjø (utan fyllingsskråning): 3400 m<sup>2</sup>
- Førebels estimert massebehov: 12 000 m<sup>3</sup>
- Inkluderer tursti langs fjorden
- Tek høgde for naudsynt trafikk- og manøvreringsareal
- Bygning kan utformast på ulike måtar – teke høgde for maksimalt fotavtrykk
- Multiconsult har tilrådd ytre grense for fyllingstopp med omsyn til marebakken

**NB:** Sjølv om vi har fått kartlegging av naturmangfald er verknadar av tiltaket ikkje utgreidd enno.





Situasjonsplan inkl. varsla plangrense viser maksimalt arealbehov og er eit utgangspunkt for utgreiingane og vidare planlegging.


Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av eit oppdrag og inneheldt kun informasjon om det aktuelle prosjektet. Det er ikkje tenkt som ei generell referanse, og det skal ikkje brukast til andre formål utan tillatelse frå Norconsult.

Stad kommune	Målestokk	1:500
DR-plan Prestevikja aust		
Situasjonsplan inkl. varsla plangrense		
Norconsult	Oppdragsnummer	52404136
	Prosjektnummer	R001
	Bladnummer	A1

## Kulturminne i sjø

- Ballastrøys i sjø er registrert som automatisk freda etter kulturminnelova.
- Vi har hatt dialog med Vestland fylkeskommune og Bergen sjøfartsmuseum og fått tilbakemelding om at vi må søkje Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå kulturminnelova § 14 (jf. kml § 8).
- Med utgangspunkt i utarbeidd situasjonsplan og naturmangfaldrapport har vi no nok grunnlag til å sende søknad om dispensasjon.
- Konsekvensar dersom kommunen får avslag på dispensasjonssøknad:
  - Endra utforming
  - Alternativ lokalisering
- Viktig å få avklart dette før planforslag vert utarbeidd.

### Kulturminnesøk:



«Rund ballastrøys på ca.15 meter i diameter, av uviss dato (trolig eldre enn 100 år). Toppen av røysa blir synlig i overflaten på lavvann og er da godt synlig fra land. I eldre flyfoto kan man se det som potensielt kan være flere ballastrøyser i området.»